

# Deltaking i COM3-prosjektet og tilknytt forskning

Dette skrivet handlar om deltaking i COM3-prosjektet og tilknytt forskning i regi av Vinje kommune. Formålet med dokumentet er å informere om prosjektet, forskinga og kva deltaking inneber. Dokumentet tener også som samtykke frå deltakarar til å hente inn og handtere opplysningar.

## Om COM3 og tilknytt forskning

COM3 er eit interregionalt EU-prosjekt, med deltakarar frå landa i Nordsjø-regionen, det vil seie Danmark, Nederland, Tyskland, Belgia, Storbritannia, Sverige og Noreg. Namnet COM3 står for «Building competencies for competitive companies». Det overordna målet med prosjektet er å styrke kommunar, fylke og regionar si rolle som støttespelarar for det lokale næringslivet, i første rekke når det gjeld kompetanse innan digitalisering. Vinje kommune er ein av deltakarane i prosjektet, med Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) som partner. Gjennom prosjektet ønskjer kommunen å ta ei meir aktiv rolle som støttespelar for næringslivet, og slik medverke til at verksemdene kan drive godt og utvikle seg vidare. Prosjektet varar ut 2022.

I tilknytning til COM3 gjennomfører Vinje kommune eit doktorgradsprosjekt innan næringsutvikling og digitalisering, også i partnarskap med USN. Kommunen har tilsett ein stipendiat som også har ansvaret for prosjektleiing i COM3. Målet er at doktorgradsprosjektet og COM3 skal vere tett knytt til kvarandre. Til dømes vil innsamling av opplysningar gjennom COM3 kunne nyttast som ein del av doktorgradsprosjektet.

Det er Vinje kommune og USN som i partnarskap er ansvarlege for både COM3-prosjektet og doktorgradsprosjektet.

Deltakarar i prosjektet er verksemdar i Vinje kommune som har meldt si interesse etter at kommunen har informert om prosjektet i ulike kanalar og bedt interesserte verksemdar om å melde seg.

## Kva inneber det å ta del?

Deltaking inneber i hovudsak å medverke med informasjon om behov og utfordringar, samt vere med på å utvikle, teste og forbetre nye løysingar, tenester og samarbeidstiltak.

Følgande opplysningar vil bli samla inn og handtert som ein del av prosjektet:

- Namn og kontaktinformasjon (epost og telefon) til verksemda og verksemda sine representantar
- Informasjon om behov, utfordringar og status/tilstand i verksemda knytt til tema for prosjektet
- Informasjon om IT-løysingar som er i bruk i verksemda
- Informasjon om kva for typar data og opplysningar som verksemda nyttar i drifta si
- Verksemda sine meiningar om kommunen si rolle i næringsutvikling, samt om nye løysingar, tenester og samarbeidstiltak utvikla gjennom prosjektet
- Bilde, video og lydopptak frå aktivitetar i prosjektet

Til å hente inn informasjon vil vi nytte følgande metodar:

- Fysiske eller digitale møte/seminar
- Telefonsamtaler
- Intervju
- Digitale spørjeundersøkingar
- E-post

Deltaking er heilt frivillig, og ein kan trekke samtykket når som helst utan grunngjeving. Alle opplysningar vil då bli sletta. Å ikkje ta del eller å trekke seg vil ikkje få negative konsekvensar.

## **Personvern og handtering av opplysningar**

Vi vil berre bruke opplysningar til formålet slik det går fram i dette skrivet. Vi handterer opplysningar konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Innsamling og handtering skjer berre etter samtykke.

Opplysningar frå verksemdene ut over namn og kontaktinformasjon vil bli anonymisert ved hjelp av ein anonymiseringsnøkkel. Dette vil seie at namnet på verksemda vil bli erstatta av ein kode, som igjen vil bli kopla mot namnet til verksemda i eit eige dokument lagra åtskilt frå andre data. Berre sentrale personar i prosjektgruppa vil ha tilgang til nøkkelen. Namn og kontaktopplysningar blir sletta ved prosjektslutt i 2024.

Bilde og video frå aktivitetar i prosjektet vil bli nytta til kommunikasjon og rapportering knytt til prosjektet. Aktuelle kanalar er i første rekke Vinje kommune og USN sine nettsider og kontoar på sosiale medium, samt nettsider og sosiale medium i regi av COM3-prosjektet sentralt. Opptak frå intervju vil bli transkribert og deretter sletta.

Eventuell deling av informasjon mellom verksemdene som tar del i prosjektet, til dømes kva for IT-løysingar og typar data verksemdene har, vil berre skje etter spesifikt samtykke. Det same gjeld eventuell deling av informasjon med eksterne rådgjevarar.

Informasjonen som blir samla inn blir lagra på sikre skyløysingar (OneDrive og Sharepoint levert av Vinje kommune og USN, samt arkivtenesta til Norsk senter for forskningsdata - NSD).

Verksemda vil ikkje kunne bli kjent att i publikasjonar eller annan kommunikasjon knytt til prosjektet, med mindre det føreligg spesifikt samtykke til dette.

Verksemda har rett til:

- innsyn i kva for opplysningar som er registrert om verksemda og representantar for denne, og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta opplysningar
- å få sletta opplysningar
- å sende klage til Datatilsynet om handtering av opplysningar

På oppdrag frå Vinje kommune har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at handteringa av opplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar får eg vite meir?**

Om du har spørsmål, eller vil nytte dine rettar, ta kontakt med prosjektleiar Kyrre Hegg på e-post [kyrre@vinje.kommune.no](mailto:kyrre@vinje.kommune.no). Sjå også kommunen si nettside om prosjektet på <https://www.vinje.kommune.no/com3.546207.nn.html>. Meir informasjon om personvern og personvernombod i Vinje kommune finn du på <https://www.vinje.kommune.no/personvern.492572.nn.html>.

Om du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Kyrre Hegg  
Prosjektleder og doktorgradsstipendiat

## Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om COM3 og tilknytt forskning, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å ta del i aktivitetar som forklart ovanfor
- at intervju blir tatt opp
- at opplysningane som blir henta inn blir brukt fram til prosjektet er avslutta
- at prosjektet delar informasjon om IT-løysingar og data med andre deltakar og rådgjevarar

-----  
(Signert av prosjektdeltakar, dato)